

Utdanningsutvalet ved  
Universitetet i Stavanger  
(UU)

Årsrapport  
2019  
med plan for  
2020

# 1. Om rapporten

## Føremålet med rapporten

Utvalet sin årsrapport vert oversend til styret og har som føremål å formidla:

- sentrale trekk i utdanningsutvalet sitt arbeid med utdanningskvalitet og utdanningsstrategi<sup>1</sup> i 2019,
- dei vurderingane på eit overordna nivå som utvalet gjer seg vedkomande arbeid med utdanningskvalitet,
- kva overordna prioriteringar og tiltak knytt til utdanningskvalitet og utdanningsstrategi utvalet har fastsett for 2020 og vidare framover.

Rapporteringa går inn i universitetet sin planleggings-, budsjetterings- og rapporteringsprosess (PVO-prosessen)<sup>2</sup>.

## Innhald i rapporten

Årsrapporten rapporterar arbeid og resultat av arbeidet til utdanningsutvalet, med utgangspunkt i det mandatet styret har fastsett.

Årsrapporten omfattar fylgjande kapittel og vedlegg:

- Kapittel 1: Om rapporten.
- Kapittel 2: Utvalet sitt arbeidsområde, arbeidsform, samansetjing og funksjonsperiode.
- Kapittel 3: Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2019 med eit oversyn over arbeid som utvalet har utført på det enkelte planpunktet i 2019.

Årsrapporten har fylgjande vedlegg:

- Vedlegg 1: Mandat for utdanningsutvalet.

---

<sup>1</sup> Jmf mandatet til utvalet.

<sup>2</sup> Jmf [UiS Økonomi håndbok > Plan-, budsjett- og virksomhetsoppfølging > Plan-, budsjett og virksomhetsoppfølging](#)

## 2. Utvalet

Kapittel 2 gir eit kort oversyn over arbeidsområde og samansetjing for utdanningsutvalet i kalenderåret 2019.

### 2.1 Utvalet sitt arbeidsområde

Utdanningsutvalet er oppretta av styret for å utvikla Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon og verka som rådgjevande organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål. Til dette høyrer også utvikling av studieporteføljen.

Utvalet sitt mandat og eigen plan for perioden gir rammene for arbeidet.

Både utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet har arbeid med kvalitet i studia integrert i mandata sine. Utdanningsutvalet sitt arbeid med kvalitet rettar seg hovudsakleg mot innhaldet i studia, medan læringsmiljøutvalet sitt arbeid med kvalitet i hovudsak rettar seg mot omgjevnadene til studia. Det ligg til utdanningsutvalet å akkreditere og reakkreditere studia medan læringsmiljøutvalet er tillagt å gjennomføra ei systematisk oppfølging av læringsmiljøet.

### 2.2 Samansetjing

Rektor oppnemner medlemmer og varamedlemmer til utdanningsutvalet, som har fylgjande sammensetjing:

Prorektor (leiar)  
 6 prodekanar for undervising  
 2 representantar for det vitenskaplege personalet  
 1 representant for det studieadministrative personalet  
 4 studentrepresentantar  
 1 ekstern representant

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket møter med talerett.

Alle medlemmene, bortsett frå studentrepresentantane har personlege varamedlemmer.

Utvalet har hatt fylgjande medlemmer i 2019:

Vårsemesteret:

#### Medlem

Magne Bartlett (studentrepresentant)  
 Turid Borgen (prodekan SV)  
 Lene Katrine Hoff (rådgjevar SV)  
 Dag Husebø (prorektor og leiar)  
 Ketil Knutsen (førsteamanuensis IKS)  
 Kenneth Wathne (prodekan HH-UiS)  
 Marit Aamodt Nielsen (professor UiA)  
 Bjørg Frøysland Oftedal (prodekan FHV)  
 André Pedersen (studentrepresentant)  
 Brita Strand Rangnes (prodekan FUH)

#### Varamedlem

Gro Ellen Mathisen (dekan SV)  
 Nina Egeland (rådgjevar TN)  
 Marit Boyesen (rektor og nestleiar)  
 Kristin Grøsvik (førsteamanuensis FUH)  
 Bjarte Ravndal (dekan HH-UiS)  
 Knut Holter (professor VID)  
 Kristin Akerjordet (dekan FHV)  
 Elaine Munthe (dekan FUH)

Una Ruzic (studentrepresentant)

Jon Tømmerås Selvik (førsteamanuensis IØRP)

Magne Olav Sydnes (prodekan TN)

Leslie Leith Symington (prodekan FUK)

Julie Wangen (studentrepresentant)

Jan Terje Kvaløy (professor IMN)

Øystein Lund Bø (dekan TN)

Morten Wensberg (dekan FUK)

Vararepresentantane for studentane med rekkefylgjerepresentasjon:

1. studentvara Andre Larsen
2. studentvara Joachim Børлие

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket, med talerett.

Hautsemesteret:

**Medlem**

Astrid Birgitte Eggen (leiar)

Turid Borgen, prodekan for utdanning, SV

Aslaug Mikkelsen, prodekan for utdanning, HH UiS

Björg Frøysland Oftedal, prodekan for utdanning, HV

Brita Strand Rangnes, prodekan for utdanning, UH

Magne Olav Sydnes, prodekan for utdanning, TN

Leslie Leith Symington, prodekan for utdanning, UK

Rune Giske, professor, UH

Jan Terje Kvaløy, professor, TN

Anne Helliesen, kontorsjef, SV

Emilie Christensen, studentrepresentant

Philip Lundberg Jamissen, studentrepresentant

Viktoria Opsahl, studentrepresentant

Julie Wangen, studentrepresentant

Marianne Skogerbø, ekstern representant

**Varamedlem**

rektor

dekan

dekan

dekan

dekan

dekan

dekan

Ingvil Førland Hellstrand, 1. amanuensis, SV

Ingeborg Caroline Solli, 1. amanuensis, HHUiS

Nina Egeland, rådgjevar, TN

Hallgeir Bø

Vararepresentantane for studentane har rekkefylgjerepresentasjon.

1. studentvara Joachim Børлие
2. studentvara Eira Aas Eide

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket, med talerett.

Gjennom 2019 har utdanningsutvalet halde fire møte (to i vårsemesteret og to i haustsemesteret) etter ein møteplan som har vore koordinert med LU og styret sin møteplan. Det årlege fellesseminaret med utdanningsutvalet vart i 2019 omgjort til eit seminar om utdanningskvalitet og arrangert i desember. Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet arrangerte eit felles introduksjonsseminar i september, knytt til ny utvalsperiode og mange nye medlemmer i utvala.

Arbeidet i utvalet vert utført i og mellom møta av utvalet sine medlemmer og sekretariat.

## 2.3 Utvalet sin funksjonsperiode

Utvalet sin funksjonsperiode følger rektorvalet. Det sitjande utvalet si funksjonstida varer frå 1. august 2019 til 30. juni 2023.

## 3. Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2019

Utdanningsutvalet sin plan for arbeid med utdanningskvalitet i 2019 vart vedteken i utvalet sitt møte 20. februar 2019 og er organisert under desse hovudområda: 1) arbeidet med studiekvaliteten, 2) internasjonalisering, 3) kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar, 4) utvalet som rådgjevande organ i strategisaker og 5) opplæring av nye medlemmer.

Den fylgjande rapporten er sett opp med utgangspunkt i hovudområda. For kvart hovudområde fylgjer utvalet si rapportering under kvart underpunkt. Det vert elles vist til utvalet sine møtebøker.

### Arbeid med studiekvaliteten

Tiltak:

- Revisjon av kvalitetssystemet, mellom anna på bakgrunn av gjennomgang av studia og tilsynspilotane i 2018.

Rapport:

Utvalet handsama framlegg til revidert kvalitetssystem i sak 15/19 22. mai og tilrådte universitetsstyret om vedta kvalitetssystemet. I saka låg det også ei orientering om NOKUT sitt varsla tilsyn med kvalitetssystemet og ein handlingsplan for både innføring av kvalitetssystemet og tilsynet.

- Oppfølging av gjennomgangen av studia i 2018.

Rapport:

Kunnskapsdepartementet fastsette endringar i studiekvalitetsforskrifta i 2016 og ba institusjonane gå gjennom studieporteføljen og sikra at desse oppfyller nye standarder og kriterier innan utgangen av 2018. Utdanningsutvalet fastsette plan for ein slik gjennomgang og handsama rapportar og stadfesta vidare akkreditering for alle studia i løpet av 2018, med nokre få unntak. Desse vart handsama i utvalet i løpet av våren 2019.

Gjennomgang av studia og rapportane frå fakulteta synte at det vert gjort eit godt arbeid med studiekvalitet ved UiS. Det kom likevel fram nokre manglar som utdanningsutvalet peika på i sakshandsaminga, og som fakulteta vil ta inn i det ordinære arbeidet med revisjon av studia. Dette gjeld særleg kravet til utdanningsfagleg kompetanse i fagmiljøa.

- Fokus på læringsutbyttebeskrivelsar i opplæringa av studieprogramleiarar.

Rapport:

Programmet for kompetanseheving for studieprogramleiarar hadde seks samlingar i løpet av studieåret 2018 – 2019. Programmet tok opp ulike sider ved rolla som studieprogramleiar, og i femte samlinga var eitt av tema sammenhengen mellom læring, undervising og vurdering. Her var læringsutbytte ein naturleg del, men programmet hadde ikkje eit særleg fokus på læringsutbyttebeskrivelsar.

- Opptatt av periodisk tilsyn med studier, i fylgje plan vedteken av utvalet hausten 2018.

**Rapport:**

Utdanningsutvalet fastsette i 2017 retningslinjer og prosedyrer for tilsyn av studia, i tråd med krav i den nye studietilsynsforordningen. Utdanningsdirektøren sette opp ein langsiktig plan for tilsynet i samråd med fakulteta, slik at alle studia skulle verta reviderte i samsvar med kravet om periodisk tilsyn innan 2024. Utdanningsutvalet fastsette endeleg plan for 2019 i sak 29/18. Alle fakulteta starta opp og mange gjennomførte dei fyrste ordinære revisjonane i 2019. Rapport frå desse vil verta lagt fram for utvalet våren 2020.

- Oppfølging av Studiebarometeret.

**Rapport:**

Studiebarometeret vart gjennomført for sjette gong hausten 2018. På same måte som tidlegare år, vart det sett inn ekstra ressurser for å få studentane til å delta i undersøkinga. Resultatet vart godt, der UiS hadde den høgaste deltakinga av universiteta i landet, med 60 %. Utdanningsutvalet vart i møtet i mai orientert om resultatane og fakulteta sine planar for oppfølging i sine studier.

- Førebuing av Nokut sitt varsla tilsyn med kvalitetssystemet og arbeidet med kvalitet i studia.

Rapport: Utdanningsutvalet var fyrste gong orientert om NOKUT sitt varsla tilsyn med kvalitetsarbeidet ved UiS i februar møtet. I møtet 22. mai vart det lagt fram ein handlingsplan for førebuing av tilsynet og vidare oppfølging etterpå, i samsvar med NOKUT sin plan og tidsfristar.

- Sterkere fokus på digitalisering i arbeid med studiekvalitet.

**Rapport:**

Det nye kvalitetssystemet er nå fullstendig digitalisert. Det er arbeid mykje med å finna gode ordningar og rutiner for saksflyt og arkivering av dokumentasjon. UiS Innsikt er under utvikling som ein portal for å gi informasjon som kan vera nyttig i arbeid med styring og utvikling av verksemda og studia. Data vert henta frå FS og STAR (studiedata og studieprogramdata), Agresso (økonomidata), SAP (personaldata), Cristin (forskningsdata) og frå eksterne kjelder som f.eks. DBH (Database for statistikk om høgare utdanning) og det nasjonale Studiebarometeret.

- Fokus på praksis i studia.

**Rapport:**

Utdanningsutvalet har ikkje hatt egne saker om dette temaet i 2019.

## Internasjonalisering

**Tiltak:**

- Samarbeid med ECIU.

**Rapport:**

Utdanningsutvalet vart orientert om ECIU University i introduksjonsseminaret 11. september og i ordinære møte 16. oktober og 13. november.

- Internasjonalt senter ved UiS.

**Rapport:**

Rapport frå eit utval som hadde greia ut sak om internasjonalt senter vart presentert i utvalet i møtet 20. februar som strategisk tema. Saka vart fylgd opp i møtet 22. mai, der utvalet gjorde vedtak delvis basert på rapporten.

- Oppfølging av stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet.

Rapport:

Den varsla stortingsmeldinga kom ikkje innan utgangen av 2019. Departementet sin invitasjon til innspel til meldinga er likevel nemnd i saka ovanfor.

## Kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar

Tiltak:

- Utdanningsutvalet fylgjer opp diskusjon om ordninga med dei to sentrale utvala i ny organisasjon.

Rapport:

Fellesseminaret for utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet i 2018 vart helde 11. desember. Det siste ordinære møtet i utvala var i november. I fellesseminaret vart spørsmålet om å slå saman dei to utvala drøfta. Det var eit klart fleirtal i begge utvala for å halda på ordninga med to utval. Utvala og administrasjonen har likevel helde fram med å samordna sakshandsaming og møteverksemd, og la i novembermøtet ein møteplan for kalenderåret 2020, der utvala har møta same dagen med ein bolk for felles orienteringssaker mellom møta.

## Utvalet som rådgjevande organ i strategisaker

Tiltak:

- Utvalet vil ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og gje råd til styret når dette er relevant.

Rapport:

Utvalet har hatt strategiske tema på saklista. I 2019 vart fylgjande tema opplyste og diskuterte: Internasjonalt senter ved UiS, oppfølging av Studiebarometeret, medisnutdanning ved UiS, revisjon av kvalitetssystemet og utdanningskvalitetsseminar, Erasmus+ finansiering av utdanningssamarbeid. Introduksjonsseminaret i september hadde ECIU University på dagsorden, og i kvalitetsseminaret i desember var også ECIU University og utfordningsbasert utdanning tema.

Utvalet har gitt styret råd i fylgjande saker: - Revisjon av kvalitetssystemet ved UiS. - Ny forskrift om opptak til studier og emner ved UiS. - Etablering, namneendring og nedleggjing av studier.

- Diskusjon av rammer for studieporteføljen ved UiS.

Temaet har inngått i fleire av sakene utvalet har handsama i løpet av året: Revidering av Retningslinjer for rangering av søkere til av konkurranseutsatte studieplasser for delstudium i utlandet, Dekan sine utgreiingsløyve til nye studier, Studieplasser 2022 – 2021, Forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger.

## Opplæring av nye medlemmer

Tiltak:

- Vidareføring av dette området.

Opplæring av nye medlemmer til utvalet vart i 2019 lagt til introduksjonsseminaret i september.

# Plan for utvalet sitt arbeid i 2020

Planen for 2020 har fire hovudområde, og tiltak under kvart område.

## Kvalitet i utdanning og undervisning

Utdanningsutvalet skal

- fylgja opp planen for periodisk evaluering av studieprogram.
- vera orientert om kompetanseutvikling og merittering av arbeid med undervisning, og eventuelt gi råd til institusjonen.
- vera delansvarleg, saman med læringsmiljøutvalet, for nye kvalitetsseminar, evaluera desse og drøfta vidare planleggjing av tiltaket.

## Kvalitetssystemet, oppfølging og revisjon

Utvalet vil handsama sak om vidareutvikling av kvalitetssystemet ved UiS, på grunnlag av tilsynsrapporten frå Nokut, i fylgje planan som universitetsleiinga har lagt. Fylgjande punkt i dette arbeidet vil verta vektlagde:

- Dokumentasjon, feedback, EVU og læringsmiljø.
- Betre integrering av ph.d. i kvalitetssystemet.
- Mandat, funksjonsbeskrivelser for roller, råd og utval.
- Praksis og arbeidslivspåkobling.
- Tillitsvalgtordninga.

## Internasjonalisering

Utdanningsutvalet skal

- halda seg oppdatert og informert om samarbeidet om ECIU University og utfordringsbasert læring, og gje eventuelle råd til institusjonen.
- fylgja opp og handsama forslag frå rapporten om internasjonalt senter ved UiS. Dette inneber m.a vidareføring av opt out (obligatorisk utveksling).

## Strategi

Utdanningsutvalet skal

- ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og gje råd til styret når dette er relevant.
- verta orientert om nye studier og skal handsama søknader om akkreditering av studier, og gje råd til styret om etablering.
- ha ny strategiplan for UiS på sakskartet, og gje innspel til arbeidet med denne.
- verta orientert om politiske signal til sektoren, og fylgja opp og innarbeida eventuelle føringar og vedtak på nasjonalt nivå i regelverket for utdanning ved UiS, t.d. stortingsmeldinga om internasjonalisering og arbeidslivsrelevans.



## **Mandat for utdanningsutvalget (UU) ved UiS**

Fastsatt av styret 3. desember 2015

Utdanningsutvalget er opprettet av styret for å utvikle Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon. Utvalget skal virke som rådgivende organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål, herunder utvikling av studieporteføljen. Utvalget skal bidra til at de krav NOKUT stiller til universitetet som selvakkrediterende institusjon oppfylles. Utdanningsutvalget koordinerer sitt arbeid med læringsmiljøutvalget. Universitetsdirektøren sørger for nødvendig sekretærhjelp til utvalget. Styret kan tillegge utvalget andre oppgaver.

Utvalget utarbeider årlige planer for eget arbeid, og avgir årsrapport til styret om arbeidet utvalget har utført og de resultater arbeidet har gitt.

Utdanningsutvalget skal

### **I. Utvikling av studiene og studieporteføljen**

- 1) Kunne ta initiativ til, og koordinere, strategisk utviklingsarbeid innenfor utdanningsvirksomheten ved universitetet.
- 2) Gi råd til styret i forskriftssaker.
- 3) Gi råd til styret i etableringssaker og andre saker som angår studieporteføljen basert på vurderinger av universitetets strategi, ressursituasjon og totale studieportefølje.
- 4) Være orientert om utviklingen i nasjonal og internasjonal utdanningsstrategi og -politikk, herunder Bologna-prosessen, og på grunnlag av dette kunne gi råd om universitetets oppfølging.

### **II. Utforming og gjennomføring av studiene**

- 1) Fastsette retningslinjer for akkreditering av og tilsyn med institusjonens studier i tråd med gjeldende lover, forskrifter og universitetets strategi.
- 2) Akkreditere studier og sikre at disse oppfyller kravene i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og standarder og kriterier gitt av NOKUT og universitetet.
- 3) Føre tilsyn med universitetets eksisterende studietilbud, og forestå revidering av akkreditering.
- 4) Fremme forslag om avvikling av studier dersom disse ikke holder tilfredsstillende kvalitet.
- 5) Fastsette andre felles regler og retningslinjer for institusjonens utdanningsvirksomhet.
- 6) Fastsette undervisningsterminer.
- 7) Fastsette unntak for emnestørrelse.